

TEMA: Byggjeskikken ①115, Setegard og klostergods ①47
KART: ①440

Aga

EIN DAG PÅ AGA

Diktaren HENRICH STEFFENS vitja Aga i 1794. Han har skildra denne reisa i novellesyklusen «De fire Nordmænd» (1835), som i romantikkens høgstemte form formidlar stemningsinntrykk frå møtet med landskapet og lokalmiljøet.

I ein «vengjebåt», med kahytt akter, på vengen – den typiske embetsmannsskyssen – er reisefølgjet på veg inn Sørffjorden i Ullensvang. Det er den danske oberst von FALLMER, som saman med tre unge reisefelagar har planar om ein fottur opp til Folgefonna. Dei landar ved Aga, og det store klyngjetunet, med velbygde hus i den blømande frukthagen under Aganuten, gjer tydeleg inntrykk på obersten. Før dei legg i veg opp dei bratte liene, går dei innom ei av stovene, kanskje for å tinga seg eit måltid mat til dei kjem nedatt frå fjellet. Ut på ettermiddagen er dei på veg ned til tunet att:

«De ilede ned ad Bjerget. Det var blevet en varm Dag, Solstraalerne faldt lodret tilbage fra Klippeveggene. Glade hilste de det første Græs, og de første Træer, og Røgsøilen som i den stille Dal steg rolig op i Veiret.....»

BLEIEDIPLOMET FRÅ 1293

«Alle Guds vener, verande og tilkomande, dei som ser eller høyrer dette brevet, sender Sigurd lagmann, Torolv på Jåstad, Peter på Sponheim og Jon prest, Guds og si helsing».

Slik byrjar brevet som er underteikna med seglet av dei gode menn som gjorde rett og skil i ein strid om vegrett og gjerdeplikt mellom Indre og Ytre Bleie, «Gjort og gjeve på Aga tysdagen nest etter treeiningsmesse...».



Storgarden AGA på vestsida av Sørffjorden, vart freda i 1937, då utskiftinga truga med å løysa opp det gamle klyngjetunet. Lagmannsstova, som har namn etter lagmann SIGURD BRYNJULFSSON, vart freda alt i 1924; ein av dei autentiske profane trebygningar frå mellomalderen vi har att. Men det er likevel sjølve tunet som er det sentrale kulturminnet.



Alt i 1300-åra var Aga delt i eit «øfstetun» og eit «nedstetun». Husa var grupperte på kvar side av ei tungate, og kvart tun hadde si storstove; ei røykstove av uvanlege dimensjonar. Stova vart riven i 1811, men LAGMANNSTOVA står enno. Av dei skriftlege kjeldene ser vi at «øfstetunet» er omtala i 1398 (DN VIII); i 1500-åra var det tre brukarar på Aga og på 1600-talet seks; tre i kvart tun. I 1701 var brukarane vortne sjølveigarar, og i 1907 budde det ni sjølv-eigande bønder og seksten husmenn i tunet.

Lenmann og stortingsmann JOHANNES PEDERSEN AGA har skildra den nedrivne røykstova, som hadde tømmer på 12 alens lengde og over 1 alen tjukn. Bygningen var «paa forskjellige steder ziret med billedhuggeri». Etter beskrivinga å dømme har denne stova vore samanbygd med eit loft med romslege omgangar; skot og svaler. Eit stavbygt kapell, som stod sør for Lagmannsstova, vart også rive – høgendeskyrkja for storfolket på Aga. □



Lagmannsstova.

LAGMANN SIGURD BRYNJULFSSON

BRYNJULF PÅ AGA er nemnd i eit diplom frå 1230. Son hans, SIGURD BRYNJULFSSON, kjenner vi frå saga som riddar, riksråd og lagmann i 1285; ein av kongens trugne menn. Han kom bort under ein storm på Samlaffjorden kring 1302 (①386). Broren SVEIN BRYNJULFSSON døydde for 1325, medan systera, SUNNIVA BRYNJULFSDOTTER, vart gift med PETER PETERSSON SPONHEIM frå Ulvik (①362). Sigurd lagmann vart gravlagd ved kapellet i Opedal. Seinare vart gravsteinen hans overført til soknekyrkja i Ullensvang, då bonehuset i Opedal vart rive. Vi kjenner denne gravsteinen frå ei teikning frå 1624, der vi ser lagmannen som riddar med nedslege visir, væpna med spyd, sverd og trekanta skjold (①386). På skjoldet er det tre liljer, eit slektsvåpen som knyter saman slektene på Aga og Torsnes. Det er dette våpenet som er godkjent som kommunevåpen for Ullensvang.